

**MELAND KOMMUNE**

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

B-2

TRIS HOLDING v/Torill og Ragnar Risholm  
Gerhard Gransvei 36

5094 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.

EIU

Journalp.ID 09/3318

ArkivsakID 2008001508

Arkiv nr. GBNR-51/19, N-511

Dato 05.03.2009

**GODKJENNING - RAMMELØYVE FOR OPPFØRING AV STALL PÅ LANDSVIK,  
GNR 51 BNR 19.**

Saka er behandla etter delegert mynde frå kommunestyret.

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Delegasjonsvedtak Komm.avd. for natur, næring, tekn.tenester	28.07.2008	SVT	250/08
Utval for drift og utvikling	20.01.2009	SVT	010/09
Delegasjonsvedtak Komm.avd. for natur, næring, tekn.tenester	05.03.2009	EIU	098/09

**Dokumentliste:**

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	04.07.2008	TRIS HOLDING v/Torill og Ragnar Risholm	MELDING OM TILTAK -OPPFØRING AV STALL PÅ LANDSVIK, GNR 51 BNR 19.
2	U	07.07.2008	TRIS HOLDING v/Torill og Ragnar Risholm	FØREBELS SVAR PÅ MELDING OM TILTAK PÅ GNR 51, BNR 19
3	U	09.07.2008	TRIS HOLDING A/S v/Torill og Ragnar Risholm	GNR 51 BNR 19 MANGLAR VED SØKNAD
4	I	22.07.2008	TRIS EIENDOM	SØKNAD OM RIVING AV LØE PÅ LANDSVIK, GNR 51 BNR 19.
5	I	22.07.2008	TRIS EIENDOM	SØKNAD OM ANSVARSRETT
7	I	22.07.2008	TRIS EIENDOM	KONTROLLPLAN
8	I	22.07.2008	TRIS EIENDOM	KONTROLLERKLÆRING
6	I	22.07.2008	TRIS EIENDOM	AVFALLSPPLAN OG SLUTTRAPPORT - RIVING LØE.
10	U	05.08.2008	TRIS EIENDOM;	SØKNAD OM LOKAL GODKJENNING AV FORETAK.
			TRIS HOLDING v/Torill og Ragnar Risholm	SØKNAD OM TILTAK - RIVING AV LØE PÅ LANDSVIK - GNR. 51, BNR. 19.
11	U	28.08.2008	TRIS HOLDING v/Torill og Ragnar Risholm	GJELD OPPFØRING AV STALL PÅ LANDSVIK, GNR 51 BNR 19.

**Adresse**Postboks 79  
5906 Frekhaug  
Besøksadr. Havnevegen 43  
postmottak@meland.kommune.no**Telefon:**

56 17 10 00

**Telefaks:**

56 17 1161

**Bankkonto:**

3632 07 00242

**Bankkonto, skatt:**

6345 06 12563

**Heimeside:**

www.meland.kommune.no

**Kartinformasjon:**

www.nordhordlandskart.no

12	I	02.11.2008	TRIS HOLDING v/Ragnar Risholm	SØKNAD OM DISPENSASJON FOR OPPFØRING AV RIDEHALL PÅ LANDSVIK, GNR 51 BNR 19.
14	U	12.12.2008	Hordaland fylkeskommune Kommunesamarbeid; Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavdelinga	SØKNAD OM DISPENSASJON - OPPFØRING AV STALL PÅ LANDSVIK, GNR. 51, BNR. 19.
15	I	14.01.2009	Fylkesmannen si landbruksavdeling	UTTALE TIL DISPENSASJONSÅK - OPPFØRING AV STALL PÅ LANDSVIK, GNR 51 BNR 19. <span style="float: right;">B-2</span>
16	U	22.01.2009	TRIS HOLDING v/Ragnar Risholm	SØKNAD OM DISPENSASJON -OPPFØRING AV STALL PÅ LANDSVIK, GNR 51 BNR 19.
17	U	22.01.2009	Hordaland fylkeskommune Kommunesamarbeid; Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavdelinga	SØKNAD OM DISPENSASJON - OPPFØRING AV STALL PÅ LANDSVIK, GNR 51 BNR 19.
18	I	19.02.2009	TRIS HOLDING v/Torill og Ragnar Risholm	SØKNAD OM RAMMELØYVE OG SØKNAD OM IGANGSETJINGSLØYVE FOR BETONG OG TØMRARARBEID.
19	I	20.02.2009	TRIS HOLDING A/S v/Torill og Ragnar Risholm	UTFYLLANDE OPPLYSNINGAR OG TEIKNINGER
20	U	05.03.2009	TRIS HOLDING v/Torill og Ragnar Risholm	GODKJENNING - RAMMELØYVE FOR OPPFØRING AV STALL PÅ LANDSVIK, GNR 51 BNR 19.

**Eigedom:** Gnr 51 Bnr 19

**Byggjeplass:** Landsvik

**Tiltakshavar:** TRIS HOLDING v/Torill og Ragnar Risholm

**Ansvarleg sækjar:** Tris Eigedom ANS

**Planstatus:** LNF

**Tekniske anlegg:** Pr. i dag brønn, skal seinare tilkoplast off. vatn  
Avlaup skal tilknyttast eksisterande anlegg.

**Søknad om rammeløyve : Stallbygning for hestar**

**Saksutgreiing:**

Det vert vist til søknad om rammeløyve med supplerande opplysningar stempla motteke 20.02.09 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av stall for hestar 909 m2 BRA og 770 m2 BYA på gnr.51 bnr.19 på Landsvik .

Saka har vore igjennom ein omfattande saksgang og det er gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for etablering av omsøkte stall med tilhøyrande anlegg, nytt framtidig våningshus samt vegar / treningsbaner .Kfr, Møte i UDU 010/09

Nabovarsel er sendt. Ingen merknader er motteke.

Naudsynt søknad om ansvarsrett frå ansvarleg sækjar ligg føre.

<b>Adresse</b> Postboks 79 5906 Frekhaug Besøksadr. Havnevegen 43 postmottak@meland.kommune.no	<b>Telefon:</b> 56 17 10 00	<b>Telefaks:</b> 56 17 1161	<b>Bankkonto:</b> 3632 07 00242 <b>Bankkonto, skatt:</b> 6345 06 12563	<b>Heimeside:</b> www.meland.kommune.no <b>Kartinformasjon:</b> www.nordhordlandskart.no
--	--------------------------------	--------------------------------	---	---

## Vurdering:

Søknaden om rammeløyve er, etter dei gjevne dispensasjonar, i samsvar med gjeldande plan i området. Administrasjonen har vurdert søknaden og har ikkje merknad til den. Søknaden kan difor godkjennast etter plan- og bygningslova på delegasjon på vanlege vilkår.

Ansvarsrett frå ansvarleg søker vert godkjent slik den ligg føre.

## VEDTAK

"Meland kommune gjev rammeløyve for omsøkt tiltak i samsvar med søknad stempla motteke 20.02.09 i medhald av plan- og bygningslova §§ 93 og 95 a. Det vert også vist til kart og teikningar stempla motteke 20.02.09

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:  
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Topp grunnmur skal vera på kote + 11.00 m.o.h.

Tiltaket kan ikkje setjast i gang før igangsetjingsløyvet ligg føre.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrett vert godkjend slik som omsøkt, jf pbl kap XVI om ansvar og kontroll m m, forskrift om føretak for ansvarsrett.

Innbetaling av kommunale gebyr må gjerast før tiltaket vert påbyrja

Saka er handsama og godkjent administrativt i medhald av delegert mynde."

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 27, jf vedlagte skjema.*

Kommunalavdeling for natur, næring og tekniske tenester

  
Anny Bastesen  
kommunalsjef



Einar Urheim  
Plan- og byggesakskonsulent

<b>Adresse</b>	<b>Telefon:</b>	<b>Telefaks:</b>	<b>Bankkonto:</b>	<b>Heimeside:</b>
Postboks 79 5906 Frekhaug Besøksadr. Havnevegen 43 postmottak@meland.kommune.no	56 17 10 00	56 17 1161	3632 07 00242 <b>Bankkonto, skatt:</b> 6345 06 12563	www.meland.kommune.no <b>Kartinformasjon:</b> www.nordhordlandskart.no



Bergen Varme & Sanitær as  
Wiggo Thornquist  
Austre Sagstadveien 7  
5243 FANA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4145 - 15/5524

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
29.06.2015

## Godkjenning - Gbnr 51/19 - Løyve til bruksendring og ombygging av loft i stallbygning

**Administrativt vedtak. Saknr: 75/2015**

**Tiltakshavar:** Tris Eiendom v/Ragnar Risholm  
**Ansvarleg søkjar:** Tris Eiendom AS V/Ragnar Risholm  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 bokstav a og d

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Ved søknad journalført 3.11.2014, supplert med tilleggskommunikasjon journalført 9.1.2015 og 10.3.2015, har Tris Eiendom AS søkt om løyve til bruksendring og ombygging av eksisterande stallbygning på gbnr 51/19. Føremålet med søknaden er å leggje til rette for bruk av areala på loftet til innkvartering og vaktrom for egne ansatte knytt til stalldrifta.

I vedlegg F2 til søknaden er følgjande opplyst:

«Det beregnet at det skal overnatte inntil 6 personer på det meste. Dette gjelder hele året. De som skal overnatte er direkte knyttet til driften av stallen og gården Loftet skal ikke leies ut i leiemarkedet.»

Dispensasjon og rammeløyve for oppføring av stallbygninga på eigedomen vart gjeve ved vedtak av høvesvis 20.1.2009 og 5.3.2009. Administrasjonen viser til at omsøkt bruksendring og ombygging er i samsvar med føremålet med dispensasjonen frå 2009, slik at dei endringar som no skal gjerast ikkje krev ny dispensasjon. Det vert vist til ovanstående opplysningar frå tiltakshavar.